



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 19/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## **S 852 Hanafjorden, rive gammelt sel og bygge nytt**

Stølen 94/1/852 ved Hanafjorden er slege saman av 2 gardar – G/Bnr 89/1 og 89/2. Dette er bakgrunnen for at det finst fleire säl på denne eigedommen.

Det er säl som tilhører G/Bnr 89/1 som vurderes rive av søkjer, dersom dette kan erstattas med eit nytt.

Grunngjeving frå søkjer er følgjande:

Ynskjer å rive eit säl på ca 55 m<sup>2</sup>, og bygge nytt på ca 68 m<sup>2</sup> som erstatning for dette. Det nye vert plassert i betre tunform enn det gamle. Grunna tida og tilhøva ynskjes det eit meir tidsriktig säl med bl.a. bad og omkledningsrom, som er egna å bu i på ein betre måte enn det gamle.

Dei 2 eldre säl ynskjes bevart, då dei er alle frå 1800-talet, og det vil ikkje vere riktig å bygge på/endre dei. Det siste bygget med pipe er opplyst til eit eldhus/uthus, og er dermed ikkje å rekne for eit säl. Dermed sitt ein att med alternativ å byggje nytt. Det nye vil ha utforming som er i tråd med dei eldre bygga som ynskjes bevart.

Saka er sendt på høyring, og det er komme inn følgjande uttale:

### Statskog:

Statskog viser til Seterforskriftens § 10 som gir fjellstyret mulighet til å avgjøre endringer av bygninger for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Garden var opprinnelig 2 garder som nå er slått sammen til en, og derfor er det i dag 3 stk säl på stølen. Det ene sælet ønsker de å rive pga at det er upraktisk med tanke på dagens krav til opphold. De to andre bygningene er gamle og ønskes bevart av kulturhistoriske grunner.

Fjellstyret skal i henhold til seterforskriften §10 gjøre en konkret vurdering om hva som er rasjonelt og nødvendig for å bygge opp igjen et nytt säl. I dette tilfellet har de 3 eksisterende säl. Fjellstyret opplyser at garden er i drift, men det opplyses ikke hva slags drift det i dag er på garden. Hva er planen og behovet framover for en rasjonell drift av stølen? Generelle vilkår om at bygningen skal følge lokale setertradisjoner og tilpasset kulturlandskapets sin egenart gjelder uansett om det restaureres eller bygges nytt. Plassering av bygningsmassen i tunform skal også vektlegges.

Statskog har ellers ingen merknader til tiltaket.

### Vestre Slidre kommune v/ landbruksavdelinga:

Kommunen bekreftar drift på garden med forproduksjon og beitedyr.

### Innlandet fylkeskommune:

Enno ikkje motteke uttale, men fristen er ikkje gått ut. Dei ivaretas gjennom punkt i vedtaket om at utforming av evt nytt bygg skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune.

### Vurdering:

Kommunen bekrefter at denne garden har drift, både med forproduksjon og med beitedyr. Dermed er den i drift etter fjellova/stølsforskriften. Det er ikkje varsle endringar i driftsplanar fremover.

Denne garden har totalt 3 säl ved Hanafjorden. Behovet må derfor vurderast ut i frå dette. Imidlertid ser ein poenget med å ikkje rive/endre bygg frå 1800-talet, då desse har stor historisk verdi. Dei eldre bygga er ikkje SEFRAK-registrert, men er omtala i rapporten «Gamal byggeskikk i Vestre Slidre». Dette bekrefter at dei har ein historisk verdi.

Dersom fjellstyret er einig i at dei to omtala säl som ynskjer bevart faktisk har kulturhistorisk verdi, vil det vere riktig å ikkje endre på desse. Dei er naturleg nok bygd for ei anna tid, og det vil heller ikkje vere mogleg å byggje inn bad osv utan å endre karakter på desse bygga. Med det som utgangspunkt, vil det ikkje vere eit säl på denne eigedommen som er i «tida og tilhøva», og det vil vere riktig å vurdere oppføring av eit nytt bygg.

### Nytt säl:

Dersom ein nyter kulturhistoriske argument for å bevare dei to eldre säl, er det viktig at utforming og plassering av det nye vil passe inn med dei eldre som bevares. Denne saka er sendt på høyring til Innlandet fylkeskommune, men det er enno ikkje motteke uttale. Det er mogleg å fatte vedtak, men å setje vilkår til at eventuell anbefaling frå fylkeskommunen skal følgjast – elles vil det måtte handsamast pånytt.

Ang storleik, er det som vert rive ca 55 m<sup>2</sup>, og det nye omsøkte bygget er 68 m<sup>2</sup>. I seg sjølv er eit nytt bygg på 68 m<sup>2</sup> innafor det som tidlegare er godkjent, og høver godt i forhold til vanleg behov då det er 2 soverom, bad stogo samt mjølkerom. Imidlertid bryt det noko med prinsippet om at man vanlegvis får føre opp att det man riv.

Det som er særskilt i denne saka er at det finst 3 säl på eigedommen, derav 2 ynskjes bevart av kulturhistoriske grunner. Dersom ein utelet desse to frå vurderinga, og det vert rive eit bygg som skal erstattast av eit nytt som er i tida/tilhøva, er det ikkje urimeleg at dette nye bygget kan byggast med den standard og storleik som er vanleg i dag.

Dersom det skal aksepteras ein nytt og større bygg enn det som vert rive, bør det setjast ein føresetnad om at dei 2 bevaringsverdige bygga (*Bygningsnr 195084157 og 195084149*) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida. Dette då grunnlaget for evt å gje nytt løyve til oppføring av nytt säl byggjer på at desse to eldra säl skal stå. Dette er og i tråd med andre tilsvarande saker, der det vert tillatt nytt säl der eldre bygg vert bevart av kulturhistoriske grunner.

**Oppsummering:**

Administrasjonen tilrår godkjenning av nytt sel med inntil 68 m<sup>2</sup> BRA. Utforming skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune, og bygget plasserast i tunform – slik skissert på synfaring 13.06.2022. Det er ein føresetnad for godkjenning at eldre, bevaringsverdige bygg (*Bygningsnr 195084157 og 195084149*) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida.

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre oppføring av nytt sel på 94/1/852 med inntil 68 m<sup>2</sup> BRA. Utforming skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune, og bygget plasserast i tunform – slik skissert på synfaring 13.06.2022. Det er ein føresetnad for godkjenning at eldre, bevaringsverdige bygg (*Bygningsnr 195084157 og 195084149*) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida.

**Vedtak:**

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre oppføring av nytt sel på 94/1/852 med inntil 68 m<sup>2</sup> BRA. Utforming skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune, og bygget plasserast i tunform – slik skissert på synfaring 13.06.2022. Det er ein føresetnad for godkjenning at eldre, bevaringsverdige bygg (*Bygningsnr 195084157 og 195084149*) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida.

*Vedtaket er samrøystes.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Olav Magistad  
Statskog  
Innlandet fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune